



Masfjorden kommune

Trafikksikkerhetsplanen – rutinar:

Kommunen som vegeigar



28.07.2023

Trafikksikringsplan for Masfjorden kommune 2021 - 2032

Masfjorden kommune sin trafikksikringsplan vart vedtalen 20.06.2016, sak PS66/16. Kommunen som vegeigar har sett krav til utarbeiding av rutinar i arbeidet med trafikksikringsarbeidet. Dette kravet finn me i TS-planen del 1 på side 25 (kulepunkt 3-6) og lyder slik:

Masfjorden kommune som vegeigar:

Masfjorden kommunen har eit særleg ansvar for trafikktryggleik blant sine tilsette og innbyggjarane i kommunen. Mellom anna har ein ansvar for at trafikktryggleik alltid er eit tema

når kommunen planlegg, byggjer og godkjenner tiltak i tilknytning til vegsystemet. Teknisk etat

(TML) har ansvar for drift, vedlikehald og fysiske trafikktryggleikstiltak på det kommunale vegnettet.

Masfjorden kommune vegstyresmakt for kommunale vegar.

Kommunen har og eit ansvar som er knytt til beredskap og er ofte dei første til å rykke ut til trafikkulukker.

Lokalkunnskapen som kommunen har er viktig å få fram, og få formidla til regionale prioriteringar.

Trafikktryggleiksplana er difor ein viktig plan som inneheld lokalkunnskap og prioriteringar om ulukkesbelasta strekningar og utryggleikspunkt.

9.3 Mål og strategiar

Gjennomføre fysiske tiltak iht. innmeldte behov.

- Fokus på trafikktryggleik i samband med vegvedlikehald.
- Kantslått og vintervedlikehald – gode rutiner på kommunale vegar og oppfølging mot fylkesvegane.
- Arbeide for at ein unngår isete/ glatte vegar på kommunale og fylkeskommunal vegar – sjå til at driftskontraktar vert følgd opp skikkeleg.
- Ved utforming av fysiske trafikktryggleikstiltak er det mål om å tilpasse planar og utforming slik at krav til universell utforming vert oppfylt.
- Gjennomgang av sideterreng – med fokus på at det skal vere plass både til mjuke trafikantar og køyrande.
- Gjennomgang av fartsgrenser - med fokus på at ferdsel langs vegen skal følast trygt.
- Etablere vegljøs der det er naudsynt og viktig for mjuke trafikantar
- Etablere fysiske tiltak som er godkjent i reguleringsplanane for Hosteland sentrumsområde, Haugsværdalen og på Sandnes.

- Opprette tilskotsordning og arbeide for opparbeiding av parkeringsplassar ved turstiar, badeplassar og viktige aktivitetsområde.
- Etablere vegljøs der det er naudsynt og viktig for mjuke trafikkantar

Rutine for snøbrøyting og vegetasjonsrydding

Føremålet med rutinen er å sikra god ivaretaking av tenestene snøbrøyting og rydding av vegetasjon slik at trafikksikkerheten blir best mulig.

Snøbrøyting og strøing

Henvendelsar om vintervedlikeholdet, herunder forhold som er relatert til trafikksikkerhet, er regulert av ordninga som er skildra på kommunen si heimeside:

Masfjorden kommune v/teknisk, miljø og landbruk, brøyting av kommunale vegar inndelt i 8 rodar .Masfjorden kommune har avtale med 6 brøytekontraktørar som heldt sitt eige utstyr for brøyting og strøing av vegar og plassar. Kontraktane er 5 årige, ny kontrakt haust 2023 og må halda nødvendig utstyr. Følgjande rodeinndeling vart vedteken 16. september 2004 og gjeld framleis.

RETNINGSLINJER FOR BRØYTING

Brøyting skal gjennomførast slik at roden er gjennombrøyta etter verdiane som er gitt nedanfor:

- Snødybde max 6 cm ved våt snø
- Ved tørr nysnø kan denne dybden aukast til 10 cm

Desse verdiane kan fråvikast under:

- Spesielt vanskelige kjøreforhold som "slapseføre" eller drivsnø samt stort snøfall.
- Etter nærmare beskjed frå teknisk etat.
- Kommunen skal ha melding når ein ikkje klarer å halde desse verdiane

Generelt for rode 1 - 8

I tillegg må det påreknast brøyting for heimetenesta i kommunen. Desse stadene vil variere frå år til år. Masfjorden kommune vil også utføre brøyting på desse vegane.

Mindre endringar i rodeinnhald kan førekomme i løpet av avtaleperioden. Større endringar i rodeinnhald er grunnlag for tingingar.

- Brøyting av skuleplassar og barnehagar må utførast særst varsamt. Dette er arbeid som kun bør utførast når borna er innadørs eller er under oppsyn av vaksne.

- Skade på eigedom, privat eller kommunal, er kontraktøren sitt ansvar og vert å erstatta av kontraktør. Dersom kontraktør ikkje utbetrar skade dei har påført før utgangen av inneverande brøytesesong, vert utbetring utført av kommunen og belasta kontraktør.
- Ta vekk brøytesnø ved inngangsparti ved alle kommunale bygg. Dette er særskild viktig ved legekontor, sjukeheim, kjøkkeninngang sjukeheim, omsorgsbustadar Masfjorden bu – og aktivitetsenter. Det same gjeld inngangsparti og vegar for rørslehemma. Dette er tilhøve kontraktøren må gjere seg kjent med før brøytesesongen startar.
- Alle kommunale snuplassar, parkeringsplassar, møteplassar ved og på kommunale vegar, samt ved kommunale bygg er omfatta av brøyteavtalen. Dette gjeld då for den aktuelle roden desse ligg innanfor.
- Ved større snøfall der kontraktøren ikkje klarar å rydde vekk snøen i henhold til avtalen, må kontraktøren gje melding til kommunen slik at det evt. kan settast i verk tiltak.
- Kontraktørar som ynskjer å påta seg brøyte- og strøppdrag for andre enn kommunen, då med same utstyr, må syte for at det kommunale arbeidet vert prioritert fyrst, då dette er ein av grunnane til at kommunen betalar beredskapsgodtgjersle.
- Dersom kommunalt arbeid likevel ikkje blir prioritert i tråd med kontrakten, kan beredskapsgodtgjersla bli redusert.

RETNINGSLINJER FOR STRØING

Brøytekontraktørar eller andre aktørar som vert tilbydd arbeidet med strøing av kommunale vegar må sjølv syte for å ha naudsynt utstyr til dette, dvs. eigna køyretøy med strøpparat.

Dette arbeidet er aktuelt når:

- Det vert omslag frå kaldt vær med snø og isdekte vegar til mildvær og regn
- Etter nærmare beskjed frå teknisk etat

Kommunen har rett til sjølv å utføre strøing på vegar som er omfatta av kontrakten i tillegg til andre vegar/snuplassar enn dei som står opplista i kartgrunlaget for kontrakten.

Vegetasjonsrydding

God sikt er ein føresetnad for at du skal få auge på gåande og syklende som kryssar din avkjørsel. Ein temaanalyse av sykkelulukker viste at dårlig sikt var ei medvirkande faktor i over 30 % av dødsulukkene på sykkel.

RUTINAR FOR VEGETASJONSRYDDING

Kantslått og krattrydding

Vegetasjon på grasareal mellom bilveg og gang- og sykkelveg skal ikkje vera høgare enn 50cm.

I føreskrivne sikttekantar og i siktsonar i innkurvar skal gras- og kratthøgde ikkje vera høgare enn 50cm over vegbanen.

Vegetasjonen skal ikkje hindra sikten til skilt eller vegmerking. Den skal heller ikke vera til hinder for trafikantene eller ved gjennomkjøring av vegvedlikeholdet.

Der vegetasjonen er forventa å bli over 75cm, skal det klippast 1 gong pr. år i minst 2m breidde.

Kommentarer:

Der det er mulig bør det utførast kantrydding også utafør eigedomsgrensa. Behovet er størst der greiner frå store trær heng inn i siktsonar, og der det er tett botnvegetasjon i siktområde i forbindelse med vilttrekk.

Nabolova gir kommunen rett til å fjerna vegetasjon som veks inn på offentleg vegområde, men **grunneigar må først varslast** og få høve til å gjera arbeidet sjølv.

Kantklypping langs kommunale vegar

Teknisk drift utfører årleg kantklypping langs dei kommunale vegane i Masfjorden kommune . I delar av kommunen med spreidd bebyggelse er årets klypping allereie i gong.

Vegane i området fråtilvil i år verta klypt frå veke og utover. Me ber innbyggjarane som har eigedomar langs kommunal veg om å klyppa hekkar og buskar før den tid.

Teknisk drift utfører arbeidet maskinelt med traktor påmontert klyppar. Dette er grovt utstyr som kan ta småskog og er lite eigna for prydbuskar.

For nærare informasjon om siktsoner og beplantning henvisar me til gjeldande reglar på statens Vegvesen sine sider. [vegvesen.no/fag/drift og vedlikehald/vegetasjonsrydding](http://vegvesen.no/fag/drift%20og%20vedlikehald/vegetasjonsrydding)

Innspel om vegvedlikehald

Henvendelsar om korleis ein kan gi innspel om vegvedlikehold generelt er orientert om på kommunen si heimeside: <https://www.masfjorden.kommune.no>

Innspilla vert samla i innboks for epostadressa postboks@masfjorden.kommune.no – også dei innspel som kjem via telefon (eller anna) til servicetorget/kommunen sitt sentralbord/via annan tilsett i kommunen.

Innspela håndterast/sorterast av dedikert saksbehandlar, og videresend til utførande. Innspela vert lagt inn i Acos Websak. Det vert ikkje gitt særskild tilbakemelding på det einskilde innspel. Det skal haldast statusmøte mellom teknisk sjef og driftspersonel for å sikra tilstrekkelig oversikt og utføring i tråd med budsjett. Større vedlikehad/reperasjonar skal førast inn i xl-ark veg rodar, og vert lagt fram i drift og investeringsbudsjettet kvar år.

Rutine for kvalitetssikring av trafikksikkerhet ved anleggsvirksomhet kommunen som veieier.

Føremålet med rutinen er å sikra best mulig trafikksikkerhet knytt til anleggsverksemd gjennom samhandling mellom utførande og kommunen som myndighetsutøvar og vegeigar.

Ved arbeid ved eller på kommunal veg, der kommunen ved taknisk drift er ansvaleg for utførande arbeid, skal SHA-plan fyllast ut av Masfjorden kommune og utførande entreprenør før oppstart av arbeid langs eller ved veg.

[SHA-plan Plan for sikkerhet, helse og arbeidsmiljø. Anleggsarbeid langs kommunalveg.](#)

Arbeidsvarsling

Gjeld – for Masfjorden kommune sitt vedkommende – for arbeid på eller ved kommunal veg. Rutinen vert gjennomført i to trinn:

1. Ansvarlig for arbeidet fyller ut arbeidsvarslingsskjema som skal sendast inn til kommunen for saksbehandling
2. Arbeidsvarslingen vert saksbehandla av dedikert saksbehandlar som gir tilbakemelding til ansvarlig. Varsling pr. epost til andre eksterne skjer av saksbehandlar med mindre det avtalast noko anna. Saksbehandlar vurderer behov for annonsering.

Skjema for arbeidsvarsling finns her:

<https://skjema.kf.no/FormsEngine/Home/FormPage>

Arbeidsvarslingsplan, (må legge denne ut på heimesida).

Rutine for handtering av innspel på trafikktryggleikstiltak frå andre etatar, organisasjonar og publikum i Masfjorden kommune.

1. Ved mottak av innspel som gjeld trafikk sikring vert desse registrert inn i eiga mappe for trafikk sikring i kommunen sitt saksbehandlingssystem. Acos websak. Med trafikk sikringstiltak er her meint tiltak som er relevant å ta inn i kommunen sin trafikk sikringsplan.
2. Saksbehandlar som mottar innspelet avklarar om tiltaket alt er prioritert/omtalt/vurdert i gjeldande trafikk sikringsplan. Alle slike innspel skal vera skriftlege.
3. Dersom innspelet er med i ts-planen, vert tiltaket samordna med andre tiltak som alt ligg inne i vedteken plan. Svar vert sendt til den som har kome med innspelet.
4. Dersom innspelet ikkje ligg inne i gjeldande ts-plan, vert innspelet vurdert av teknisk sjef og rådmannen. Slik vurdering vert gjort fortløpande. Svar vert sendt til den som har kome med innspelet.
5. Årleg vert prioriterte innspel nemnd i punkt 4 lagt fram for utval for areal og samferdsel som orienteringssak.
6. Alle nye innspel i ts-planperioden som ikkje vert gjennomført, vert vurdert på nytt saman med innkomne innspel i samband med rullering av trafikk sikringsplanen. Rullering av ts-planen vert gjort kvart fjerde år eller når dette er vedteke i kommunen sin planstrategi.
7. Kommunestyret løyver gjennom si årlege budsjettbehandling midlar til gjennomføring av ts-tiltak.

Rutine for kvalitetssikring av reguleringsplanar i forhold til

Trafikktryggleiken

Masfjorden kommune har i samarbeid med andre kommunar i nordhordaland eit eige system for behandling av reguleringsplanar. Dette opplegget er kalla Startpakken og vert nytta i all saksbehandling av slike planar og vert kontinuerleg revidert og oppdatert i tråd med endringar i lov og forskriftsverk.